



Arkivnr: 2015/3170-5

Saksbehandlar: Anne Vedvik

Delegert saksframlegg

Fylkesdirektør samferdsel etter fullmakt

Søknad om omgjeriing av ordinært drosjeløyve R-81 tilknytt Nordhordland Taxisentral til reserveløyve

Samandrag

Nordhordland Taxisentral SA har ved søknad 10. mars 2016 søkt om at ordinært drosjeløyve R-81 vert endra til reservedrosjeløyve. Dette av omsyn til tilbod og etterspurnad etter drosjetenester. R-81 har vore ledig sidan juli 2015. Ved omgjeriing av R-81 frå ordinært til reservedrosjeløyve vil sentralen auka kapasiteten og fleksibiliteten i drosjetilbodet. Sentralen vil få ein god balanse mellom ordinære drosjeløyve og reserveløyve. Fylkesdirektør samferdsel har på grunnlag av dette fatta fylgjande

Vedtak

Drosjeløyve R-81 vert omgjort til reserveløyve med stasjonering i Knarvik. Reserveløyve R-81 skal kunngrerast ledig internt blant løyvehavarane tilslutta Nordhordland Taxisentral SA.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.03.2016

Søknad frå Nordhordland Taxisentral SA

Nordhordland Taxisentral SA har ved søknad 10. mars 2016 søkt om å få endra drosjeløyve R-81 frå ordinært drosjeløyve til reservedrosjeløyve. Søknaden er grunngjeve med at trafikksituasjonen i Nordhordland er slik at det ikkje er grunnlag for å driva R-81 som eit ordinært drosjeløyve. Samstundes er det behov for ekstra kapasitet på trafikksterke tider av døgnet. Sentralen vurderer det slik at det vil vera mest tenleg at R-81 vert omgjort til reserveløyve med stasjonering i Knarvik, og kunngjort ledig for eksisterande løyvehavarar tilknytt sentralen.

Fylkesdirektør samferdsel si vurdering

I Nordhordland er det berre ein sentral, og sentralen gjer tiltak for å møta tilbod og etterspurnad i drosjemarknaden der, ut frå sjølvstendige vurderingar. I dag er det 29 ordinære drosjeløyve og 5 reserveløyve i drift i Nordhordland Taxisentral. I tillegg er det 2 ledige ordinære drosjeløyve, R-81 og R-97. Begge desse løyva vart levert inn vår/sommar 2015. Etter ynskje frå sentralen vart løyva ikkje kunngjort ledige på grunn av nedgang i etterspurnaden etter drosjetenester.

Ein tommelfingerregel er at reserveløyve utgjer omlag 20 prosent av løyveporteføljen i ein sentral. I dag utgjer reserveløyva omlag 14 prosent, dersom R-81 vert omgjort til reserveløyve veks delen reserveløyve i Nordhordland Taxisentral til omlag 17 prosent av løyveporteføljen. Omgjering av R-81 til reserveløyve gjev større leveringskapasitet, men meir fleksibilitet enn om det held fram som ordinært løyve. På grunn av svært svingande etterspurnad, er fleksibilitet viktig.

Fylkesdirektør samferdsel inn at ein kan gjera om R-81 til reserveløyve. R-81 skal kunngjerast ledig internt blant løyvehavarane i Nordhordland Taxisentral. Reserveløyve R-81 skal ha stasjonering i Knarvik.